

1. OKTOBER 2013

NVE v/Matilde Berg

Kommentar til tilleggsuttale Fylkesmannen

Ved forrige runde kommenterte vi alle av Fylkesmannen sine punkt. Vi påpeika i vår uttale at mange av argumenta var udokumenterte og lite relevante. Dette var bla. Badeplassen Dammen, elvepadling og lakseproduksjon.

Elvepadling vart diskutert på synfaringa, dette skjer våren og elva er ofte for stor. Vi kommenterte og under synfaringa at nokre få personar har padla den omsøkte strekninga, og er difor ikkje noko ein burde leggje vekt på i ein uttale.

Badeplassen. Det var einigheit om at uttaket ikkje øydelegg forholda for bading ved «Russen».

Gyting Villaks. Vi kan ikkje sjå at det finst dokumentasjon på at villaks går opp i elva og gyt. Etter det vi kjenner til har det vore elektrolysefiske etter yngel i elva, og då finst det og dokumentasjon på om villaks går opp i elva og gyt. Oppgang av oppdrettslaks i to tre år seier lite om villaksen si vandring i vassdraget.

Vi held derfor fast på at den første uttalen inneheldt fleire negative innspel som var dårleg dokumentert, og gav difor prosjektet eit negativt inntrykk.

Beste hilsener

Lars Andreas Tomasgård

KONTAKTPERSON FOR BRATTEGJØLET KRAFT